

**Uskedeling kan byggja kraftverk snart**

18.05.2012

**Uskedelingen Oddbjøn Kroka har fått ny frist for oppstart av arbeidet med minikraftverket Lielva Kraftverkk i Mauranger. Fristen no 25. mai 2017 og NVE gjer det klart at det ikkje er gjeve høve til ytttarlegare utsetjing. Imidlertid vil han starta byggjinga snart.**

Det var i 2007 NVE vedtok at kraftverket ikkje er konsesjonspliktig etter vasresurslova. Det har imidlertid ikkje vore mogleg å starta byggjinga på grunn av manglande nettkapasitet og difor er det søkt om utsetjing.

Det er venta at nettkapasiteten i området er på plass i løpet av dette året og Kroka planlegg å starta byggjinga snarast mogleg etter at det er skjedd.

Av Ola Matti Mathisen